



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»


Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova - Trolleskjæret AS vil utvide næringsområdet med utfylling i sjø Gunhildvågen gnr/bnr 28/1028 i Florø - høyringsfrist 12. august 2024

Trolleskjæret AS skal utvide industriområdet på eigedom gnr/bnr. 28/1028 i Kinn kommune basert på utfylling i sjø. Det utvida arealet trengs fordi det er behov for nye sjønære næringsareal og attraktive hamnefasilitetar for å ta høgde for framtidig vekst og langsiktige satsingar innan næringar i regionen.

Det skal fyllast ut ca. 171 000 m³ stein over eit sjøbotnareal på ca. 20 000 m². Utfylling skal skje frå sjø med lekter. Det skal i første omgang nyttast sprengstein frå Kystverkets pågåande utdjupingsprosjekt i innseglinga til Florø. Multiconsult har undersøkt sjøbotn sedimenta og finn at stabiliteten til eksisterande sjøbotn er slik at utfylling kan skje direkte og at sedimenta på sjøbotn som skal fyllast over er forureina av kobbar og sink og nokre PAH forbindelsar.



Figur 1 Figuren viser planlagt utfylling



Det pågår ein plansak, privat detaljregulering¹ for bl.a. utfyllinga av gjeldande reguleringsplan som ikkje er slutført. Reguleringsplanen er på høyring med frist 6. september. Det er fleire rapportar som er relevant for saka etter forureiningslova på [kommunens heimeside for reguleringsplanen](#).

Det er gitt føresegn i forslag til detaljreguleringsplan som gjer føringar for gjennomføring av anleggsarbeida, sitat føresegn 2.1.7 bokstav g og h:

g) Det er ikkje tillate med utfylling i sjø i gytetida for kysttorsk, dvs. i tidsrommet 1. februar til og med 30. april.

h) Det skal settast i verk avbøtande tiltak som hindrar mot spreining av finpartikler i vassmassen gjennom periode for bunnslåing og tidleg oppvekst, dvs. i tidsrommet frå og med 1. mai til og med 15. juni. Plan for og vurdering av eigna avbøtande tiltak, skal utførast av fagkunnige.

Kinn kommune skriv i e-post 2. juli at Statsforvaltaren kan setja i gong sakshandsaminga etter forureiningslova sjølv om reguleringsendringa ikkje er klar.

Ber om eventuelle uttaler innan 12. august 2024

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 12. august 2024. Vi utvidar høyringsfristen grunna sommarferie. Uttaler kan sendes til fmvlp@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2024/10198.

Søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om fylling i sjø Gunhildvågen
- 2 Miljøgeologiske grunnundersøkelser i sjø Multiconsult
- 3 GunhildvågenTrolleskjæret kotekart masseberegning
- 4 2022195_Føresegn_Gunhildvågen_20240529

Kopi til:

Trolleskjæret AS
iVest Consult AS

¹ detaljregulering for Gunhildvågen, gbnr 27/27 mfl. PlanID 20220108,



Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			